

Å R D A L


HANDLINGSPLAN

2021




STRATEGISK NÆRINGSPLAN ÅRDAL 2017-2020

Planstruktur og metodikk i utviklingsarbeidet:



Innvolvering av næringslivet – kompetanse og teknologi



Strategi kompetanseutvikling og innovasjon nærmar seg fullføring. Strukturen for i satsinga er no snart på plass. Årdal Teknologipark vil vere innflyttingsklare hausten 2021. Selskapa i parken er no delvis operative i leigde lokale, og tek sikte

på å vere i full drift i løpet av 2021. Vi er svært nøgde med at næringslivet er så tungt posisjonert i satsinga.

Innvolvering av næringslivet – reiseliv.



Reiselivsstrategien vil også ha strukturen på plass i 2021, i høve til ei vidare satsing. Vi nyttar same gjennomføringsmetodikk her som i kompetansestrategien, der næringslivet går tungt inn i selskapa som skal gjennomføre strategien vidare.

Kommunen har eit stort handlingsrom som vi må evne å nytte. Samtidig er det store prosessar som vi ikkje styrer sjølv. Rammvilkåra for organisering av helsevesenet, kommunikasjonar, lokalisering av statleg verksemd og rammer for kva kommunen får lov til i arealpolitikken, vil vere viktige avgrensingar i planstrategien vår. Regionen Sogn er liten, og kommunane i regionen er endå mindre. Utfordringar for oss vil vere å løfte blikket saman, og ikkje suboptimalisere i kvar liten kommune.

Og så er det slik at alle gode planar må involvere innbyggjarar, næringsliv, frivillige organisasjonar og naboane i regionen. Innbyggarmedverknad vil vere eit nøkkelord i strategiarbeidet, viss vi skal nå utviklingsmåla våre.

HANDLINGSPLAN 2021

VISJON OG MÅL FOR ÅRDAL

Årdal kommune sin overordna visjon er at Årdal skal vera ein god og trygg stad å bu, leva og arbeida. Årdal Utvikling stør opp om denne visjonen ved å bidra til ei berekraftig næringsutvikling med fokus på å leggja tilhøva til rette for eit lønsamt og variert næringsliv som gjev trygge arbeidsplassar, utvikla eit godt samarbeid mellom næringsliv og skule og mellom næringsliv og kommune.

Hovudmåla for Årdal Utvikling sitt arbeid er at Årdal skal:

- Ha stabilisert tal sysselsette med arbeidsstad i kommunen, og lagt grunnen for ein forsiktig vekst
- Ha stabilisert folketalet i kommunen, og lagt grunnen for ein forsiktig vekst
- Ha ein meir variert næringsstruktur enn den vi har hatt fram til no

Årdal mot 2024 – utviklingstrekk

Reduksjon i folketalet vil truleg halde fram. Det er mange prognosar med sine føresetnader som seier noko om folketalet i 2040. Så er det likevel slik at det kan skje endringar i næringsstrukturen (utbyggingsplanar i industrien osv) i Årdal som gjer at utviklinga kan bli ein annan enn prognosen. Vi har forventningar til at slike endringar vil skje, og trur at på sikt kan Årdal stabilisere folketalet om lag på det nivået vi har i dag.

Det som likevel gjer det ekstra utfordrande for oss og andre distriktskommunar er:

Folketalet:

- Auke i tal over 40 år
- Redusert tal i aldersgruppa 0-19 år, 5% under snittet i fylket
- Dei store kulla i Årdal nær pensjonsalder, stor avgang neste 20 år.
- Mange sysselsette over 55 år – industri, omsorg og oppvekst
- Årdal vil ha ei rekrutteringsutfordring framover, då dei store kulla frå 50 og 60 talet nærmar seg pensjonsalderen
- Auka tal uføre, spesielt blant eldre sysselsette
- Mange med vidaregåande skule (og fagbrev) som basis, viktig å fylle på med ny kompetanse
- Kommunen må skape svært høg attraktivitet for både næringsliv og busetting for å unngå befolkningsnedgang dei neste åra.

Sysselsetting:

Vi vil få vekst i basisnæringane(industri)

- Reduksjon i regionale arbeidsplassar og stabilitet i besøksnæringane
- Reduksjon i statlege arbeidsplassar
- Press på underliggende barnehage og skule tilbod i kommunen, samt den vidaregåande skulen som vil vere avhengig av eksterne elevar.

Regionen – Årdal, Lærdal, Aurland:

- God balanse i næringsstruktur i ÅLA kommunane, får vi til eit samarbeid?
- Felles bu- og arbeidsmarknad
- Det blir svært viktig at ein unngår ei suboptimalisering innan kommunegrensene i Sogn.

Næringslivet:

- Auke i omsetnad, styrking av resultat og eigenkapital
- Bedriftene har svært god utviklingsevne
- Auke i reiselivet, men tal tilsette aukar truleg ikkje
- Dekningsgrad i handelen utan motor på 79%


Bustad:

- Auka nybygging av leilegheiter nær sentrumsområda
- Få nye fritidsbustader – potensialet er stort og set store krav til arealplanlegging

Teikn på oppgang?


- Innpendlinga vil halde seg høg og truleg auke. Dette skuldast etableringa av nye arbeidsplassar i Årdal, og at den felles arbeidsmarknaden i Sogn held fram med å utvikle seg.
- Industrien vil kunne bli meir attraktiv for kvinner i framtida, etter kvart som krav til operatørar i industrien endrar seg i takt med industri 4.0 satsinga. Industrien vil sakte endre seg til avanserte teknologibedrifter.
- Fødselsunderskotet vil halde seg på same nivå, på grunn av minkande fødselstal, då kvinnene flytter frå Årdal.
- Vi ventar difor ein nedgang i folketalet i 2021 og 2022, med håp om stabil utvikling mot 2024
- Næringsstrukturen vil vere stabil. Vi vil få ein vekst i industrien, truleg også auke i sysselsettinga i ein overgangsperiode, men effektiviseringa i industrien vil halde fram, og det beste vi kan håpe på er berre ein liten auke i sysselsettinga på lang sikt. Satsinga til Hydro og NorSun er likevel svært viktig for Årdal, då det får positive verknader for alle underleverandørane i Årdal. Nye industriprosjekt vil koma til Årdal.
- Utviklinga fram mot 2024 heng nok også saman med store kull som går ut i pensjonsalder og som må erstattast i det eksisterande næringslivet. Det blir avgjerande korleis ein handterer rekrutteringa. Eit forsiktig anslag er at minst 100 arbeidsplassar må erstattast med nye tilsettingar fordi stillingane blir ledige på grunn av pensjonsavgang. Det totale rekrutteringsbehovet kan difor fort bli opp mot 200 - 300 årsverk. Vil dette komme gjennom auka innpendling eller vil ein få lokal rekruttering eller tilflytting til Årdal?
- Desse lokale tilhøva og utfordringane kjem ikkje godt nok fram i SSB sine analysar, då framskrivninga ikkje tek opp i seg lokale forhold knytt til større investeringar og eventuelle nye ekspansjonar/etableringar.
- Ein alternativ framstillingsmåte som betre syner kva utfordringar lokalsamfunnet står framføre, gjorde vi saman med Telemarksforsking:

Framskriving folketalet:



Årdal har hatt nedgang i folketalet sidan 2010. Dette vil halde fram med mindre ein lukkast med å skape høg attraktivitet både som bustadkommune og for næringslivet. Med ein slik høg attraktivitet vil nedgangen i folketalet stoppe opp.

Arbeidsplassutviklinga syner denne utviklinga:



Utviklinga i tal arbeidsplassar har stabilisert seg i perioden 2013 – 2019. Nedgangen vi fekk etter finanskrisa (2011 – 2012), har vi ikkje makta å ta att.

Utfordringar Årdal (og regionen) vil møte

Årdal Utvikling har gjennom prosessen med Strategisk Næringsplan 2017-2020 jobba med å utvikle ein «innovasjon og kompetansestrategi» for Årdal. Industrimiljøet i Årdal er eit av dei sterkaste prosessindustrimiljøa i Norge, og det miljøet med den største forskingskapasiteten og kompetansen på aluminiumsprosessen. Miljøet representert med dei største verksemdene Hydro, Norsun, IMPEC og HMR i spissen, er i hovudsak kompetansesarbeidsplassar, og næringsaktørane i Årdal meiner at kompetanse er det viktigaste for dei – i dag og framover. Dei neste åra vil kompetanse vere svært viktig for industrien lokalt, regionalt, nasjonalt og internasjonalt, ved t.d. den fjerde industrielle revolusjon/Industri 4.0 (digitalisering, automatisering, sensorikk m.m), auka krav til produktivitet og det grøne skiftet.

Det har vore ynskje å kunne etablere eit teknologisenter med utstyr, teknologi og kompetanse som kan nyttast av næringslivet og skulane. I teknologisenteret skal bedrifter kunne teste, simulere og visualisere teknologiar, komponentar, produkt, løysingar, tenester og prosessar. Lett tilgang til ekspertise, utstyr og eigna lokal skal gjere vegen frå konseptstadiet til marknadsintroduksjon enklare. Eit slikt senter skal og kunne nyttast saman med kompetansesenteret til trening og læring for næringslivet, lærlingar og skulane.

Årdal Utvikling har i prosessen med utvikling av «innovasjon og kompetansestrategien» inngått samarbeidsavtale med Sintef Manufacturing og næringsklynga på Raufoss som har fått tildelt programma Norsk Katapult og Norsk omstillingsmotor. Det er eit mål å utvikle dette samarbeidet vidare for å knyte saman næringsklynga i Årdal/regionen opp mot næringsklynga på Raufoss. Vi skal også kople oss tett på kompetansekynga i Bergen og Høgskulen for vestlandet.

«Innovasjon og kompetansestrategien» enda ut i 3 hovudstrategiar:

1. **Etablere kompetansesenter gjennom Sogn Opplæringskontor**
2. **Etablere teknologi og innovasjonsselskap - SITEP AS (Senter for innovasjon, teknologi og prosess).**
3. **Skape arena for kompetanse og innovasjon gjennom samlokalisering av aktørar og utvikling av bedriftsnettverket/næringsklynga**

Strategi 1 og 2 er i full realisering gjennom at Sogn Opplæringskontor har starta utvikling av sitt kurs og kompetansesenter, ved å tilby ulike kurs til næringslivet og skulane. SITEP er etablert med 4 tilsette, i gang med stor prosjektportefølje av innovasjon og utviklingsprosjekt, bedriftsnettverksprosjekt. FESTO øvingsfabrikk vart installert i juni 2019.

Utfordringa no, vil bli å vidareutvikla kompetansestrategien. Verktøya for å få dette til, er etablerte. Strategiarbeidet med å vidareutvikla hovudstrategi 3 – skape arena for kompetanse og innovasjon gjennom samlokalisering av aktørar og utvikling av næringsklynga- vil vere det viktigaste arbeidet for Årdal Utvikling i 2021 og 2022.

Norsk Industri peikar på i sitt «Kompetanseveikart – kompetanse for fremtidens industri»:

«Å sikre industrien tilgang til kvalifisert arbeidskraft nå og i fremtiden krever felles innsats frå myndigheter, industribedrifter og bransjeorganisasjoner».

Dei kjem med fleire anbefalingar som støttar opp om målsettingane i Årdal Teknologipark:

- **Satse på utdanningstilbod der arbeidslivet har behov**
- **Etablere læringscenter tett på arbeidslivet der det er relevant utstyr for elevane**
- **Bachelor og masteroppgåver saman med bedrifter**
- **Tilpassa etter og vidareutdanning for tilsette i bedrifta**

Prosess21 peikar i sitt «Veikart for prosessindustrien – økt verdiskaping med nullutslipp i 2050» på viktige tiltak for å utvikle prosessindustrien mot FN sine bærekraftsmål. Eit av dei viktige tiltaka for å få industrien til å nå dette målet er å auke innovasjonen i bedriftene og miljøet rundt. Dei peikar på klynger og industriparkar som eit slikt verkemiddel:

- **«Prosessindustribedrifter lokalisert i et nært geografisk område som industriparker eller organisert i klynger har store fordeler av å samarbeide. Utover samarbeid om felles grunnleggende infrastruktur, samarbeider bedriftene om viktige forsknings- og utviklingsprosjekt.**
- **Klynger og industriparker har særlig vist seg viktig for å få utløst prosjekter for bruk av sidestrømmer og bedre utnyttelse av energistrømmer og oppnår på denne måten god ressursutnyttelse sett i et sirkulærøkonomiperspektiv.**
- **Gode insitamentordninger for videreutvikling av industriparker og industriklynger vil være et viktig bidrag til bærekraftig utvikling av prosessindustrien».**

Ei vidareutvikling av hovudstrategi 3 vil vende seg til samarbeidspartnarar og aktørar som vil bidra med finansiering i realisering av Årdal Teknologipark for å sikre utvikling av eit sterkt industrielt miljø.

Utfordring 1 - Tilgang på kompetanse i ei verd i hurtig omstilling

Koronakrisa har akselerert mange omstillingsprosessar. Trendar vi trudde ville bruke år på å utvikle seg, er no blitt realitet. Næringslivet som er utsett for global konkurranse, har alltid understreka at tilgang på kompetanse er ein føresetnad for å overleve. Hurtig omstilling gjer det naudsynt at vi lærer heile livet. Utfordringa vår vil bli å sikre kvalitet i utdanninga, når tempoet i endringane vert mangedobla.

Ny teknologi/digitalisering og globalisering var og er nokon av drivarane i dei raske endringsprosessane. I tillegg har no koronapandemien sett opp farten på omstillinga i arbeidslivet. Det tok ti år, fra 2009 til 2019, for netthandelen å vokse med 10 prosentpoeng som del av all detaljhandel i USA. Under korona (6 mnd) har netthandelen vokse med nye 10 prosentpoeng.

Dei raske endringsprosessane driv no fram nye strukturar i varehandelen, der butikkane vil utvikle seg til å bli opplevingsrom, medan salet går via netthandelen. Jobbane og kompetansebehovet vil endre seg radikalt innan varehandelen. Liknande prosessar vil vi få innan industrien, transportsektoren, undervisningssektoren og offentleg forvaltning. Amazon vil plutseleg bli den største konkurrenten til faghandelskjedene i Norge. Sjøkkdigitaliseringa mange av oss opplevde under koronapandemien, handlar om mykje meir enn Teams og videokonferanse, der heimekontor er det nye moteordet.

Viktigare blir det at endringane/digitaliseringa skapar grobotn for nye verdikjeder og heilt nye forretningsmodellar i næringslivet. Dette set store krav til ny kompetanse i alle bransjar. Teknologiutviklinga går så raskt, og mangelen på kompetanse vil vere så kritisk, at modellen med å skifte ut medarbeidarar med nye som har ein meir rett kompetanseprofil, ikkje lenger vil fungere.

Ser vi på prosjekta som Innovasjon Norge gjev støtte til, er fellesnemnaren ny teknologi. Innovasjonsprosjekt i næringslivet vil i framtida vere dei dominerande prosjekta som IN vil støtte. Vi må oppdatere kompetansen vår kontinuerleg. Livslang læring vil vere ein føresetnad for eit fungerande arbeidsliv. Korleis skal vi klare å balansere omsynet til kvalitet i læringa og responsevne for å dekke det akselererande behovet for ny kompetanse?

Krav til læring vil tvinge fram nye verdikjeder og forretningsmodellar innan undervisningssektoren. Fokuset vil vere kvalitet i utdanninga som sikrar næringslivet konkurransekraft i framtida. Men korleis skal ein sikre kvalitet, når det vil gå stadig kortare tid frå eit kompetansebehov/læringsbehov oppstår, til kunnskap er teken inn av dei som treng han, til ein tek det ut i jobben som skal gjerast?

Så i tillegg til å ha fokus på kvalitet i utdanninga, må ein også ha fokus på at kompetanse raskt må bli formidla og forstått av mottakar.

Avstanden er for stor mellom kva vi lærer på kurs og det vi klarer å nyttiggjere oss på jobb. Arbeidslivet innser nok at mykje av kompetanseutviklinga bør skje i tilknytning til sjølve utføringa av jobben.

For næringslivet er det viktig at:

- det ein har lært, blir teke i bruk. Delvis for å bidra til auka motivasjon hos den einskilde.
- Klassisk klasseromsundervisning kan fort opplevast som framand, mens integrert undervisning på jobb kan senke terskelen for å delta.

Utfordring 2 - Tilgang på næringsareal

Årdal har ikkje ledig industriareal. Vi har også utfordringar knytt til leveranse av energi til delar av kommunen. I samband med rullering av arealplanen til Årdal kommune, må ein setje fokus på denne utfordringa. Det er i dag minst 2 konkrete behov for areal frå bedrifter som vurderer ekspansjon. Finn vi ikkje areal, vil truleg desse to prosjekta lokalisere seg ein annan stad. Årdal Utvikling har gjort ei kartlegging av potensielt areal som kommunen bør vurdere å sikre seg i samband med ein rullering av arealplanen. Arealpolitikken må støtte opp under utviklingsarbeidet.

Utfordring 3 - Attraktive arbeidsplassar for ungdom og kvinner

Den største utfordringar vår er nedgangen i folketalet for aldersgruppa 18 – 29 år. Nedgangen gjeld begge kjønn, men er størst for jenter. Det har utvikla seg ein praksis at alle som reiser for å studere, også melder flytting. Vi ser såleis at byar og regionsenter med høgskuletilbod veks, og helst i årsklasse 18 – 29 år. Når ein først melder flytting, så bryt ein mange relasjonar til heimkommunen, og det første viktige steget for å flytte frå heimstaden er teke. Å halde på relasjonar mot dei som tek utdanning, og satse på å etablere arbeidsplassar som er attraktive for den type utdanning dei tek, vil bli ein føresetnad for å snu folketalsnedgangen. Utdanningssystema er i sterk endring, der desentral utdanning vil bli vanleg. Å sikre desentrale utdanningstilbod i Årdal, må bli ei hovudoppgåve i åra som kjem.

Utfordring 4 - Tilgang på attraktive sentrumstomter for bustadbygging

Å legge til rette for attraktive sentrumstomter, der eigedomsinvestorar kan bygge ut bustader for sal eller utleige, vil bli ein føresetnad for å sikre at Årdal kan bli ein attraktiv bustadkommune. Det er korte avstandar i Årdal, og tilrettelagt kommunikasjon, vil gjere det attraktivt å busetje seg i heile kommunen.

Utfordring 5 - Kommunale tenester – struktur og lokalisering

Årdal har tradisjonelt hatt god kvalitet på kommunale tenester. Alle som bur i Årdal eller som vurderer å flytte til kommunen, vil føresette at desse tenestene er på plass. Det er likevel slik at kommunen må ha fokus på tenesteutvikling i tett dialog med næringslivet og andre brukargrupper.

Det er viktig å få informasjon om kva næringslivet og innbyggjarane meiner:

- om kommunen leverer gode eller dårlege tenester
- om kva tenester som vert oppfatta som viktige
- om strategiske næringsplanar og oppfølging av desse
- om kvaliteten på kommunal infrastruktur
- om tilgang til og kvaliteten på næringsareal og næringslokale

Utfordring 6 – Bærekraft, klima og miljø

Bærekraftig utvikling er eit stort og samansett tema. Alle vil ha utvikling, og dei fleste er samde om at han bør vere bærekraftig. Korleis kan kommunen bruke FN's bærekraftsmål i kommuneplanlegginga, når det gjeld dei tre dimensjonane i FN's bærekraftsmål:

- miljømessige bærekraft,
- sosial bærekraft,
- økonomisk bærekraft?

Dette må vere overordna arbeidet kommunen skal gjere, både som tenesteutviklar og samfunnsutviklar.

Strategiske grep som svar på utfordringane

Næringsområde	Drivar for næringsutvikling
<ul style="list-style-type: none"> • Teknologi/Industri • Fornybar energi • Reiseliv <ul style="list-style-type: none"> • Handel • Kultur • Nye næringar • IKT • Tenesteyting 	<ul style="list-style-type: none"> • Kompetanse • Infrastruktur • Nyskaping • Digitalisering • Attraktivitet • Internasjonalisering • Offentlege tenester

Strategiane i Strategisk Næringsplan gjev framleis eit godt svar på korleis Årdal skal møte utfordringane knytt til næringsutvikling. Så er det likevel slik at ein må vurdere kor sterkt ein skal vekte dei ulike strategiane, ut frå den situasjonen lokalsamfunnet, regionen og landet er i. Digitaliseringa skyt fart, og må møtast med tiltak definert i kompetansestrategien til kommunen. Mange av tiltaka er no realiserte, og vi vil truleg ha trong for at kompetansestrategien ser framover og utviklar strategiane vidare for å møte nye utfordringar, der vi nyttar dei nye verktøya som er etablerte gjennom SOK, SITEP og Årdal Teknologipark.

Det er eit mål at Årdal Teknologipark (ÅTP) skal bidra til ei betre samhandling mellom næringslivet, forskings- og utdanningsinstitusjonar og det offentlege gjennom verkemiddelapparatet. Dette kallar ein ofte for «trippel-helix» modell for innovasjon. Ei sterkare samlokalisering og samhandling mellom desse miljøa vil kunne styrke innovasjonssystemet og vil kunne vere ein nøkkel til å utvikle næringslivet og stimulere til auka verdiskaping.

Årdal teknologipark)ÅTP sine overordna målsettingar er:

- Skape ein arena og nettverk mellom næringsliv, forskingsmiljø, skulane og virkemiddelaktørane
- Skape eit innovasjonsmiljø som grunnlag for auka innovasjon og knoppskyting
- Skape eit kompetansmiljø som grunnlag for å utvikle ny kompetanse blant elevar og tilsette
- Få etablert «Nasjonalt senter for prosessindustrien» som ein arena for kompetanse bygging og innovasjon knytt opp mot prosessindustrien
- Auka verdiskaping og utvikling av attraktive arbeidsplassar
- Legge til rette for eit meir attraktivt utdanningsmiljø for skuleelevar og studentar

- Tilbodet til nytte for heile fylket

Årdal må ha fokus på å vidareutvikla høgproduktive arbeidsplassar og utvikle vidare ein berekraftig næringsstruktur, der teknologi er sentralt element og verkemiddel.

Kompetanse

Årdal har saman med næringslivet, utvikla ein kompetansestrategi. Målet med strategien er å utvikla ein kompetansestrategi som kombinerer kompetanse, nettverk og kapital. Å etablere eit godt samarbeid mellom næringsliv og FOU er ein nøkkelfaktor i strategien. Årdal skal auka innovasjonsgraden, auka knoppskyting, auka produktivitet og realisere potensialet for lønnsemd og betre konkurransekraft.

Sentrale aktivitetar i strategien var å etablere eit kompetansesenter knytt til kurs, kopling mot vidaregåande skule, prøvesenter for lærlingar og sikre tilbod av desentrale undervisningstilbod som t.d. fagskuletilbod (SOK). Vidare skulle vi etablere eit senter for innovasjon, teknologi og prosess (SITEP), og endeleg skape ein arena for kompetanse og innovasjon (Årdal Teknologisenter AS).

I løpet av 2020/2021 er alle desse strategiske selskapa på plass. I utviklingsstrategien for Årdal vil det vere svært viktig at vi prioriterer utviklinga av desse 3 strategisk viktige miljøa. Desse selskapa vil saman med Årdal Utvikling vere våre verktøy for å gjennomføre strategisk næringsplan i Årdal.

Reiseliv

I 2016 vart det utvikla ein reiselivsstrategi for Årdal som ei eige satsing ut frå strategisk næringsplan. Aktørane i næringa har teke ansvar for implementering av handlingsplan saman med Visit Sognefjord. Det har vore ei svært positiv utvikling på besøkstrafikken i Årdal, som har gitt positiv effekt både til reiseliv og handelsbedrifter. Trafikken på innfartsvegane aukar betydeleg, og overnattingsstatistikkane viser god auke.

Reiseliv er ei næring i høg vekst både i Norge og internasjonalt. Norge konkurrerer med reisemål i heile verda om både den innanlandske og utanlandske marknaden. Når turismen og besøkstrafikken aukar, aukar også betydninga av reiselivet. Det er likevel slik at nokre besøkande har større verdi enn andre.


Ei viktig målgruppe for Årdal er tilreisande med høgt døgnforbruk, og som blir i kommunen lenge. Slike tilreisande bidreg relativt meir enn tilreisande som brukar lite pengar per gjestedøgn og/eller blir her i kort tid.

Sidan det er store skilnader i forbruk mellom ulike grupper er det ikkje nok å nytte tal tilreisande som eit mål på utviklinga i reiselivet. Besøksnæringane i Årdal er opptekne av vekst og lønnsemd. Dei tilsette er opptekne av arbeidsvilkår og lønn. Årdal kommune er oppteken av sysselsetting, skatteinntekter og velferda til innbyggjarane.

Verdien reiselivet har for Årdal, er avhengig av kva grupper tilreisande som besøker oss. Her må vi gjere dei rette strategiske grepa.

Det er fem bransjar som utgjer reiselivsnæringa - overnatting, servering, opplevingar, transport og formidling. Innhaldsbransjane overnatting, servering og opplevingar handlar om å skape eit godt reiselivsprodukt i Årdal, som er attraktive for besøkande. Tilgjengelegheitsbransjane transport og formidling har meir ein infrastrukturfunksjon,

ved å legge til rette for å frakte besøkande dit dei skal, og organisere tilbod. Figuren under illustrerer det som er reiselivsnæringa i Årdal.




Årdal Utvikling har nytta mykje tid og ressursar på korleis vi skal organisere utviklinga innan reiselivet, og samstundes få næringa til å involvere seg i strategiprossessane.

Vi har valt å ta lærdom av måten vi har organisert satsinga på industri og teknologi, og legg opp til ein liknande og tilpassa strategi for reiseliv og besøksnæringane.

Reiselivet er også viktig for å skape bulyst i kommunen. Auka besøk gjev grunnlag for gode og varierte tilbod innan handel, opplevingar, serveringsstader, overnattingsbedrifter og formidlingstilbod.

I reiselivet er bærekraftutfordringa noko vi må ha ein aktiv strategi for å møte. Årdal har dei siste åra hatt sterkt fokus på miljøavtrykka i industrien vår, og det har vore gjort offensive grep for å møte denne utfordringa. Denne erfaringa tek vi med oss inn i reiselivssatsinga. Bærekraft er ein føresetnad for å utvikle reiselivet i Årdal.

Den strategiske modellen kan grovt illustrerast slik:



MÅL MED ARBEIDET:

- Utvikle infrastruktur
- Produktutvikling
- Pakking av produkt og konsept
- Aktivitetstilbod
- Sal og marknadsarbeid
- Kommunikasjon og profilering

I Visit Årdal AS vil næringslivet ha ansvaret for strategi, innhald og satsingar. Det konkrete salsarbeidet og produktutviklinga innan eit opplevingsbasert reiseliv, vil finne stad i dette selskapet. Selskapet er i dag eigd 100% av Årdal Utvikling, men vi vil gå ned til 25% i løpet av 2021.

I Årdal infrastruktur AS vil vi legge alle tunge investeringar knytt til reiselivet i Årdal. Vi ser at næringa ikkje sjølve er i stand til å ta desse økonomiske løfta, difor går ÅU inn og utviklar prosjekt som og femner om å finansiere dei. Eit døme på denne strategien kan vere utbetringa av gamlevegen mellom Sletterust og 1000m.

I Årdal Sjøfront vil vi halde fram med å satse på sjøfronten og utvikle verdiskapinga Årdal skal ha i møtet med Sognefjorden.

1 LEGGE TIL RETTE FOR NYE LØNSAME ARBEIDSPLOSSAR.

Mål:

Bidra til langsiktig utvikling gjennom kontinuerleg fokus på lokalt næringsliv si evne og vilje til å utvikla nye marknader, produkt og tenester og leggja til rette for at fleire bedrifter vert etablert i Årdal.

- Vidareutvikle eit profesjonelt serviceapparat mot næringslivet.
- Nyetableringar og nye satsingsområde i eksisterande bedrifter må ha som siktemål å styrke og vidareutvikle teknologimiljøet i Årdal.
- Utvalde prosjekt innan besøksnæringa og industri vil ha spesiell merksemd i 2021
- Fleire gode gründerar: Stimulere til at fleire lukkast med å etablere eiga verksemd, og maktar å ta etableringa over i ein vekstfase. Satsinga skal samordnast med utviklinga av ein knoppskytingsstrategi, knytt opp mot etableringa av eit teknologisenter i Årdal og eit tett samarbeid med Årdal vidaregåande skule.

Førstelinjeteneste

Mål:

Utvikle vidare Årdal Utvikling som ei serviceteneste for dei som ønskjer å skape nye bedrifter eller utvikle eksisterande bedrifter. Hjelpje næringslivet i å finne fram i verkemiddelapparatet.

- Samarbeide tett med SITEP AS
- Satse på elevbedriftene/ungdomsbedrifter.

Nyskaping og organisk vekst

Mål:

Saman med regionen gjennomføre eit stort, felles løft og nye strategiske tilnærmingar for å auke den samla nyskapingsevna vår.

- Etablering av nye bedrifter.
- Vekst i eksisterande bedrifter.
- Forskings- og utviklingsarbeid.
- Kartlegge attraktivt næringsareal

I dette arbeidet vil ein halde fram med å utvikle gode samarbeidsrelasjonar til regionale aktørar som Kunnskapsparken i Sogn og Fjordane.

Akkvisisjon

Mål:

Jobbe fram prosjekt etter metodikken «Framtidige robuste arbeidsplassar i Årdal». Det gjeld å finne dei verksemdene som:

- Ser på Årdal som ei spennande lokalisering.
- Er interessante for Årdalssamfunnet.
- Kan utnytte dei moglegheitene ei lokalisering i Årdal kan gi.

Legge til rette for at Hydro vidareutviklar teknologisatsinga i Årdal

Mål:

- Legge til rette for at Hydro moderniserer i Årdal ved at dei vidareutviklar teknologisenteret i Årdal og legg grunnlaget for verdas mest bærekraftige aluminiumsproduksjon.
- Arbeide for at Hydro oppgraderer og utviklar karbonfabrikken på Årdalstangen.
- Få fram Årdal sine konkurransefortrinn; tilgang på vasskraft, tilgjengeleg areal, høgkompetent arbeidsstokk og kompetansen knytt til teknologisenteret i Årdal.

Ekspansjon NorSun i Årdal

Mål:

NorSun, den leiande ikkje-asiatiske produsenten av monokrystallinske wafere til ultrahøeffektive solceller, har i 2020 gjennomført ein emisjon på NOK 230 mnok for å doble produksjonskapasiteten, innføre ny teknologi og redusere einingskostnadane.

Nysno Klimainvesteringer og ABN AMROs Energy Fund har investert totalt 160 millionar, medan resten kjem frå eksisterande aksjonærar.

Emisjonen vart følgt opp av ytterlegare NOK 285 millionar i lån og tilskott frå Enova og Innovasjon Norge, noko som sikrar selskapet NOK 515 millionar totalt.

Årdal kommune har gjennom Årdal Utvikling gjeve lån frå Næringsfondet for å støtte prosjektet i første fase, som tek sikte på å doble produksjonen per år.

- Årdal kommune vil gjennom Årdal Utvikling arbeide aktivt med å legge til rette for ytterlegare investeringar i Norsun i åra som kjem.

2 Helse

Mål:

Med den komande eldrebølga, vil vi ha eit veksande behov for ulike typar helsetenester. Årdal skal satse på næringsutvikling knytt til førebygging og rehabilitering innan helse generelt og psykisk helse spesielt. Denne satsinga skal gjerast i tett samarbeid med satsinga innan reiseliv, der opplevingar og infrastruktur skal kunne nyttast i begge bransjar over heile året.

- Utvikle ein strategi for nyskaping og organisk vekst i eksisterande helsebedrifter.
- Utvikle «Basecamp Årdal» til eit fyrtårn innan rehabilitering og som eit folkehelseiltak, der vi tek naturen i bruk.
- Utvikle privat-offentleg samarbeid som eige satsingsområde knytt til helsemarknaden.
- Etablere gode relasjonar til aktuelle utdanningsmiljø som sikrar god tilgang på spisskompetanse.

3 Kompetanse og innovasjon

Mål:

Med utgangspunkt i våre sterke vekstkraftige næringsmiljø, skal vi realisere ein kompetansestrategi del 2, som kombinerer kompetanse, nettverk og kapital. Samarbeid mellom FoU og næringslivet vert ein nøkkelfaktor i strategien.

Strategien er det strategiske fundamentet for å få fleire gründerar, fleire vekstkraftige bedrifter og eit stort innovativt næringsmiljø i Årdal.

- Auka innovasjonsgrad, auka produktivitet, realisering av potensialet for lønsemd og betre konkurransekraft.
- Sikre verksemdene rett arbeidskraft for å unngå at drift og produksjon vert flytta utanlands.
- Stimulere til utvikling av klynger og andre innovative næringsmiljø med vekstpotensiale.
- Sterkare samspel mellom FoU-institusjonar og næringslivet for å realisere eit enda større utbytte hos alle aktørane.

Kompetansestrategien vi vedtok i 2017, er nå langt på veg gjennomført. Aktørane og verkemidla i denne strategien er no etablert. No er tida komen der kompetansestrategien må utviklast vidare, med utgangspunkt i dei aktørane som no er på plass i Årdal Teknologipark.

Organisering (ref Strategi for innovasjon og kompetanse)

Mål:

Gjennom Årdal Teknologipark (ÅTP) skal vi skape arena for kompetanse og innovasjon gjennom samlokalisering av aktørar og utvikling av bedriftsnettverket/ næringsklynga.

- Kapitalisere opp Årdal Teknologipark AS – arena for samhandling og innovasjon
- Samarbeid med andre kommunar, lokale og regionale utviklingsmiljø
- Arbeide aktivt for å realisere intensjonane i samarbeidsavtalen med Raufoss Industripark/Norsk Katapult og teknologimiljøa i Bergen.

Tiltak:

- Støtte opp om næringsklynga SITEP AS, Sogn Opplæringskontor og Årdal teknologipark AS
- Gjennomføre bygging av Årdal Teknologipark i 2020/2021
- Samlokalisering av aktørar innan innovasjon, kompetanse og FOU
- Etablere kompetanse på prosjektfinansiering i Årdal Teknologipark AS
- Utvikle kontormiljø
- Utvikle møteplassar
- Sikre auka innovasjon og knoppskyting
- Ta ein regional rolle på industri utvikling

Utdanningsretningar tilpassa næringslivet sine behov

Mål:

Saman med Årdal vidaregåande skule og grunnskulen etablere utdanningsretningar tilpassa næringslivet sine behov i Årdal og regionen. Dette skal danne grunnlag for å sikre tilgang på kvalifisert arbeidskraft til alle bedrifter i Årdal på mellomlang og lang sikt. Skulen skal vere eit ressurscenter for nærmiljø og regionen og skal legge til rette

for behov knytt til kompetansereforma og gje tilbod om opplæring for næringsliv, arbeidsledige og permitterte. Saman med Sogn Opplæringskontor (SOK) skal vi etablere kursmekling mot næringslivet i 2020/2021, utvide tilbod til vidaregåande skule – teknologifag i praksis, styrking av fagutdanninga, utvikle vidare eit prøvesenter for læringar og etablere undervisningstilbod til grunnskulen – teknologifag i praksis

- Kopling mot fagskule/høgskule/universitet – desentraliserte tilbod
- Utvikle samarbeidet mellom Årdal vidaregåande skule, Sitep AS og Sogn Opplæringskontor.
- Etablere praktiske ordningar for å flytte læringsarenaen frå klasserommet og ut i næringslivet.
- Samarbeide tett med Sogn Opplæringskontor for å styrke fagutdanninga i den vidaregåande skulen.
- Etablere ein årleg «Kunnskapsdag i Årdal», der ein set fokus på kunnskapsutvikling, innovasjon og nyskaping.
- Fagskuleutdanning i Årdal med starta opp i august 2020, denne må vidareutviklast med nye utdanningstilbod

4 Eitt samfunn

Mål:

Årdal har to tettstader Årdalstangen og Øvre Årdal. Vi skal utvikle Årdal ved å redusere den praktiske og mentale avstanden mellom dei to sentrumsområda. Dette blir ein viktig føresetnad for å styrke bustadattraktiviteten i Årdal. Dette gjer vi ved å betre kommunikasjonsløysingane og etablere ei klar rolledeleging mellom sentrumsområda. Vi skal aktivt dyrke fram ulikskapen mellom tettstadene, når det gjeld opplevingar, handel, service, tenestetilbod og bustadmiljø. Å bygge eit godt omdøme for Årdal må bli alle sitt ansvar.

- Kultur og opplevingar skal nyttast aktivt i arbeidet med å utvikle spennande og attraktive tettstader. Vi skal legge til rette for næringsutvikling og bedriftsetableringar, men også tiltak som i første omgang er med på å styrke identitet og ei positiv oppleving av staden.
- Ved å satse på næringsutvikling som også er basert på kultur, oppleving og fritid, vil dette vere med på å gi identitet og attraktivitet til Årdal.
- Kulturbaserte næringer gjer at staden blir interessant som bustad og ein stad der ein har lyst å bu, jobba eller besøke.

Strategiplan for kulturbasert næringsutvikling

Mål:

Med utgangspunkt i kulturnæringane og kulturbaserte næringer i Årdal, skal ein arbeide fram ein strategi for at desse næringane skal bli vekstnæringer i kommunen. Planen skal få fram ei kartlegging av eksisterande tilbod/ aktivitet og gi ei oversikt over vedtekne strategiar, planar og verkemiddel som eksisterer i dag. Idrett, arrangement og naturbaserte opplevingar skal og være ein del av omfanget.

- Strategien skal vektlegge synergjar mellom dei ulike næringane og kva innsatsfaktor dei er i andre næringer.
- Strategien skal synleggjere utviklingspotensialet i næringane.
- Etablere eit visningssenter industri i Årdal i 2021/2022
- Etablere eit senter for kunst og kultur i Årdal

Betre kommunikasjonsløysingane

Mål:

Arbeide fram gode kommunikasjonar for Årdal, både ut og inn av Årdal og internt i Årdal, og korleis desse eventuelt kan realiserast og finansierast.

- Arbeide med utfordringar lista opp i rapport om FV 53.
- Arbeide med utfordringar lista opp i rapport om Tindevegen
- Saman med Årdalsnett bygge vidare ut infrastrukturen på fiber

Legga til rette for ei framtidsretta og marknadsorientert utvikling av besøksnæringane i Årdal

Mål:

Saman med besøksnæringa realisere ein heilskapleg næringsstruktur innan handel, service, reiseliv og kultur i Årdal som sikrar eit variert tilbod av varer og tenester i bu- og arbeidsområdet.

- Arbeide fram konkrete næringsprosjekt.
- Arbeida fram og realisere planar for etablering av ulike tilbod for ungdom i Årdal.
- Etablere opplevingsaksen frå Sognefjorden til Jotunheimen som ei felles strategi for alle besøksnæringane.
- Legge til rette for å utvikle vidare sjøfronten på Årdalstangen saman med besøksnæringane.

5 Reiseliv

Mål:

Årdal skal utvikle eit innovativt reiselivsmiljø med breie samarbeidsflater, og der «reason to go» vert skapt gjennom høg grad av kundetilpassing og opplevingar som spelar på natur eller kontrasten mellom industri og natur. Vi skal få på plass ein organisering av satsinga som er godt forankra i næringslivet generelt og i reiselivsbedriftene spesielt.

Satsinga skal integrerast tett med dei andre besøksnæringane handel og kultur.

- Utvikle tydelege opplevingar som gjev «reason to go» og kan marknadsførast og tilpassast ulike målgrupper.
- Etablere naudsynt infrastruktur for gode gjesteopplevingar.
- Utvikle reiselivsbedrifter, etablere samarbeid og møteplassar for vidare innovasjon i næringa.
- Legge til rette for ein god organisering i næringa.

Operativ strategi	Prosjekt 2021	Tid	Budsjett	Ansvar
	Realisering av strategi	År	MNOK	
1 LØNSAME ARBEIDSPASSAR	Drift av førstelineteneste	2021 - 2022	1,0	ÅU
	Utviklingsprosjekt lokale bedrifter som skal sikre god lønnsømd for vidare ekspansjon.	2021	0,2	ÅU/SITEP/ÅTP
	Knoppskytingsprosjekt ÅTP	2021	0,3	ÅU/SITEP/ÅTP
	Legge til rette for ekspansjon Norsun, fase 2 og fase 3	2021 - 2022	0,3	ÅU/SITEP/ÅK
2 HELSE				
3 KOMPETANSE OG INNOVASJON	Realisere kompetansestrategien	2021	0,4	ÅU/SOK/SITEP
	Rekrutteringsprosjekt teknologiklynga i Årdal	2020-2021	0,2	ÅU/SOK/SITEP
	Kompetansestrategi del II - planprosjekt	2021	0,2	ÅU/SOK/SITEP
3.1 KOMPETANSE- SENER	Desentraliserte undervisningstilbod frå fagskule/høgskule og universitetsmiljø	2021 -2022	0,45	ÅU/SOK/SITEP
	Støtte opp om realisering kursattsing i Sogn Opplæringskontor	2021	0,2	ÅU/SOK/ÅTP
	Utvikle samarbeidet mellom Årdal vidaregåande skule, Sitep AS og Sogn Opplæringskontor	2021 – 2022	0,1	ÅU/SITEP/SOK
	Etablere ein årleg «Kunnskapsdag i Årdal	2021	0,3	ÅU/SOK/SITEP
3.2 INNOVASJON OG TEKNOLOGI	SITEP AS – frå oppstart til drift	2020-2022	2,6	ÅU/SITEP
	Ta ein regional rolle på industriutvikling (Norsk Katapult)	2020 – 2021	0,2	ÅU/SITEP
	Regionprosjekt Industri og digitalisering	2021	0,2	ÅU/SITEP
3.3 ORGANISERING	Realisere Årdal Teknologipark AS	2021-2022	6,1	ÅU/ÅTP
4 EIT SAMFUNN	Arbeide for å gjere synleg Årdal sine kommunikasjonsbehov og korleis desse bør støttast (Ref rapport Tindevegen og rapport FV53)	2020-2021	0,2	ÅU/ÅK
	Etablere eit visningscenter industri i Årdal	2020 - 2021	0,5	ÅU/ÅK
5 REISELIV	Forstudie hytteturisme i Årdal	2021 - 2022	0,2	ÅU
	Forprosjekt sykkelturisme i Årdal, gamlevegen Sletterust - 1000m	2021 - 2022	0,5	ÅU/Reiseliv
	Arrangere fagdag "krav til reiselivskommune" for kommune, næringsliv og andre.	2021	0,1	ÅU/ÅN
	Realisere ny organisering av reiselivssatsinga	2021	0,2	ÅU/Visit Årdal AS
	Realisering av Årdal Sjøfront	2021 – 2022	0,5	ÅU/Reiseliv
	Forprosjekt Visningspunkt 1000m	2021 - 2022	0,3	ÅU/Reiseliv

Vedlegg:

Utviklingsanalyse Årdal, BDO

Regionalanalyse, Telemarksforskning